



Sakshandsamar:

Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf: 57 65 62 73

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

Møtereferat - planforum 10.05.2017

Stad: Videomøte – Storehagen Atrium Førde, møterom
Hafstad, og Fylkeshuset Leikanger – møterom Jølstra

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 13:00 Solund kommune – reguleringsplan for oppdrett på Losna

Til stades: – Tom Færøy, Erik Askeland, Tor Arne Hauge - Solund kommune, Lene Mathisen - Kystverket vest, Terje Systad – NVE vest, Hanne Marie Utvær – Fiskeridirektoratet vest, Frida Halland, Dag Endre Stedje - FM miljøvernavdelinga, Oddgeir Aardal - FM landbruksavdelinga, Berit Gjerland og Knut Åland - FK NKA, Annelaug Kjelstad, Torbjørn Hasund FK plan

Videomøte – med tilkopling mellom videorom / Skype Storehagen Førde, Fylkeshuset Leikanger, Kystverket vest, Solund kommune og Fiskeridirektoratet vest

Tor Arne Hauge skildra planarbeidet, og behovet for planforum. Nett starta revidering av k-plan, ferdigstilling tidleg 2018

Målet med planforum er innspel frå fagetatane på nokre sentrale problemstillingar:

1. Planlegging av område for akvakultur i sjø. Korleis jobbe med det temaet i kommuneplanen? Solund ynskjer å satse på akvakultur samtidig som andre omsyn vert tekne.
2. Lokalisering av djupvasskai med tilhøyrande næringsareal for å kunne ta i mot større båtar. Korleis bruke planprosessen for å finne den rette lokalisering, både for Solund kommune og storsamfunnet
3. Erfaringane frå den gjeldande planen er at den er lagt opp slik at det vert mykje dispensasjonssaker, også i utbygde område.

Det vart byrja med punkt 2, då Lene Mathisen frå kystverket måtte reise 12:50

Lokalisering av djupvasskai.

Dei tre mest aktuelle alternativa i dag er:

- Krakhella, sør for ferjekaia. Lagt ut i gjeldande kommuneplan. Rett på skipsleia
- Ytre Steinsund, nord for ferjekaia på Haldorsneset. Lagt ut i gjeldande kommuneplan. Rett på skipsleia
- Solund verft. Regulert i detaljregulering. Mest næring i dag. Avstikkar frå skipsleia

Mathisen – Nasjonal transportplan seier at ein skal lage logistikk ved knutepunkt, og infrastrukturen rundt eventuelle djupvasskaiar vil vere viktig.

Krakhellesundet, sundet er veldig smalt, og mykje trafikk gjennom sundet. Det vil stille store krav til utforming av ei djupvasskai. Generelt; at det ikkje er hindringar for større skip å legge til kai er viktigare enn avstand til hovudlei. Må og legge vekt på tilknytt areal og ikkje berre kaifronten. Ytre Steinsund meir relevant i den samanheng enn Krakhellesundet. Viktig å få inn i kommuneplan. Ytre Steinsund prosess med evt. brukryssing, det ligg føre planar for utbetring av leida her. Desse ulike aktuelle tiltaka må sjåast i samanheng i planarbeidet. Stedje – bruke planprogrammet til å skildre dei mest aktuelle alternativa.

Hauge - eit alternativt 4 område kan vere, sett i samanheng med brukryssing, kai og næringsområde ved brufestet i nord, på sørenden av Daløyna, Hesteneset. Om ein der kan legge til rette for veg og brufeste og samstundes legge til rette for djupvasskai og tilknytt næringsareal.

Færøy – farleden gjennom området, har Kystverket spesielle meiningar knytt til tilhøvet mellom skipsleier og akvakultur? Eksempel han brukte var Lågøyfjorden. Mathisen – i slike tilfelle vert det brukt kombinert føremål, ferdsel og akvakultur, og vidare avgjerd gjennom konsesjonshandsaming. Færøy - kan eksisterande lei justerast for å få på plass eit akvakulturområde? Mathisen, truleg, men helst ikkje, fører med seg mykje arbeid med tilrettelegging og merking av ny leid.

Gjerland – Haldorsneset. Der er det grunnlag for å gjere undersøkingar etter § 9 kulturminnelova.

Utvær – tek for gitt at KU tek inn i seg alle interesser knytt til sjø og fiskeri

Akvakultur

Hauge - sterkt press på akvakulturlokalitetar. Signala frå staten er at oppdrett skal aukast, men dei er usikre på korleis, og dei er usikre på kva næringa ynskjer frå kommunane. Færøy – i strategiplanen er akva satsingsområde. Kunsten er å treffe næringa. Mange av dei områda dei har planlagte i dag er utdaterte i høve dei ønnska næringa har i dag. Må ut i djupare område og større areal. Klarer ikkje å møte næringa sitt behov med små område, vil heller teikne inn der ein ikkje vil ha akvakultur. Hauge – historikken til gjeldande arealdel og det som ligg i sjø i dag, rundt 2000, mykje fokus på blåskjel. I førre revisjon vart mange av desse områda tatt ut. Viste nokre større NFFF-område, utan A. Med ny teknologi kan oppdrettsbransjen finne område inne i sunda meir interessant. Viktig å finne ut korleis ein legg til rette for akvakultur slik at den får utvikle seg utan å kome i konflikt med andre interesser

Mathisen – ser og at på små A-område så oppstår det problem med ein gong, fort dispensasjonssøknad. Store område på si side vil skape falske premiss for næringa, det er mykje som skal avklarast der og. Viste til Hordaland med «trafikklyssystem» på akvakulturområde.

Utvær – sentralt med medvirkning frå dei som skal bruke kystområda. Det er eit diskusjonstema korleis ein kan vise akvakultur i ein arealplan. Tilnærminga med å fjerne dei områda som ikkje kan nyttast og det ein då sit att med vert lagt ut som fleirbruksområde er ein god måte å gjere det på. La områda som ikkje er i konflikt med andre interesser vere fleirbruksområde med akvakultur. Og ein kan gjennom pbl seie i kommuneplan kva type akva ein vil ha, altså ein kan t.d. ta ut laks, om ein ikkje vil ha det i eit område.

Stedje – viste til Selje. Hadde lagt ut store fleirbruksareal med akvakultur, og det fremja FM motsegn på. Nye akvakulturområde skal KU-utgreiast. Konsekvensane skal utgreiast. Det er ikkje greitt å setje av fleirbruksområde i sjø, dei må konsekvensutgreiast enkeltvis og med samla konsekvens av nye og gamle område. Det er i tråd med ny presisering frå departementsnivå. Vist til eit brev frå departementet. Påpeikte at dette var i strid med det Fiskeridirektoratet seier.

Utvær – medverknad mellom akvainteressene og aktuelle regionale faginteresser er veldig viktig å greie ut. Spørsmålet om akvakultur i fleirbruksområde er ikkje avklara (mi anmerking; underforstått: brevet FM viste til kan ikkje leggjast føre som ei avklaring), det vil den bli gjennom rettleiaren. Men dette treng ikkje hindre Solund frå arbeide vidare med akvakultur.

Utvær – om kunnskapsgrunnlag og ulike arealbruksføremål. Det som manglar i Solund kommune er kartlegging av ålegrasenger. Pbl seier at alle nye arealformål skal konsekvensutgreiast, uavhengig av føremål.

Kjelstad – arealplanlegging i sjø og vårt arbeid med Strategisk plan for kysten. Den vil ikkje vere arealkonkret. Men kan legge føringar for vidare arealplanlegging. Det kjem meir informasjon til kommunane seinare om dette arbeidet. Oppmoda elles Solund kommune til å ta kontakt med NKA ved Aune og Hovland i det vidare arbeidet.

Hauge – ikkje berre lokale som er interessert i oppdrett, skal vi kontakte nasjonale «frierar»? Utvær – kontakte dei som har godkjente lokalitetar i dag. Interessene må sjølv ta ansvar for å kople seg på. Og kommunen må gjere ei vurdering av korleis dei vil involvere. Lokalitetsklareringa til FK tek ikkje omsyn til kven som har bedt om å få området inn i k-plan, dersom det er to søkjarar på å få konsesjon i same området er det behovet som vil vere avgjerande, ikkje kven som meldte det inn til kommuneplanen.

Åland – kulturminne i sjø og Bergen sjøfartsmuseum som har ansvaret i sjø.

Dispensasjonssaker

Hauge - på areal som er lagt inn i byggeområde er det lett å få gjort endringar på bustadhus, også fortetting. For dei husa som ligg i LNF-område; i Solund ofte i 100-metersbeltet. Korleis planleggje for utvikling av ein eigedom (mindre endringar) utan å unngå mange dispensasjonar? Halland – FM skeptiske til å leggje enkeltbygg inn som gule område i KPL. Men vurderer det med funksjonell strandsone. Hauge – vi har i samband med førre plan kartlagt funksjonell strandsone og gjorde strandsoneanalyse. Men i førre runde veldig mange innspel, som gjekk på små tiltak, vi må vurdere på grendenivå korleis ein kan leggje til rette for utvikling av eigedomen. Færøy – det er vel og regjeringa si linje at det skal vere enkelt å gjere tiltakt og fortetting i eksisterande utbygde område men ikkje i utbygde. I Solund er det mange små husklynger i strandsonen. Færøy meiner det skal vere enkelt for nokon å bygge nytt ved desse husa. Stedje – denne typen bygging, kan ein leggje til rette for gjennom LNF-spreidd. Og det må konsekvensutgreiast.

Kjelstad – fortalde litt om Grend +, prosjektet Naustdal kommune jobba med for nokre år sidan. Også om den ueinigheita som var på eit slikt grep mellom FM og FK.

Utvær – kan ein då ikkje, for å sleppe dispensasjon, legge eksisterande bustadområde inn i kpl som gult område eller som LNF-spreidd? Ut av dette vart det ein diskusjon om moglegheiter og avgrensingar for å gjere eit slikt grep. Stedje – problemstillinga knytt til mindre endringar på hus som treng dispensasjons-søknader kan løysast gjennom føresegnar til arealdelen. **Men eksakt korleis ville Stedje ta opp med Arnt Erik Nordheim på juridisk avdeling hjå FM, og kome med attendemelding til kommunen.** I e-post 11.05. kom Halland med svar via e-post. Svaret er teke med i sin heilskap nedst i referatet.

Kjelstad – relevant spørsmål det med korleis ein kan forenkla prosessen med å gjere endringar på bustad-eigedom. Men det som er viktig i prosessen framover no, er å avdekke behovet, gjennom gode prosessar i planarbeidet i grendene, og prøve å få ut av folk kva dei tenkjer om behova for framtida. Det kan verke som at dispensasjonspraksisen vil verte innskjerpa, jf handsaming av endringframlegg av pbl §19-2 i Stortinget.

Hauge - byggegrense i gamle reguleringsplanar, der det ikkje er grense mot sjø må det leggjast inn i eldre planar som skal gjelde vidare? Planen vi har, og området der det ikkje har skjedd noko i planperioden, vi

tek det ikkje ut, med mindre det er heilt uaktuelt, eller innspel som gjer at ein vil endre det. Halland - kan ligge men må konsekvensutgreiast om det ikkje vart gjort i førre runde med kommuneplan. Stedje – for område som opplagt er heilt uaktuelle vil deira oppmoding vere å ta dei ut av planen.

Landbruk. Aardal – kjerneområdelandbruk er lagt i førre plan; føre dette vidare i revisjonen

Kulturlandskap og kulturmiljø. Åland - kystlynghei og bygningar og bygningsmiljø knytt til desse heiane er sentralt i Solund kommune. SEFRAK og nyare type kulturminne. Bygningar og bygningsmiljø knytt til kyst og fiskeri må ein og sjå på. Vegar og vegafar.

Automatisk freda kulturminne. Gjerland - leggast inn i kartet som punkt eller omsynssone med tilhøyrande føresegner, freda bygg og kyrkjer. 60 meterssoner rundt kyrkjer, og omsynssonene må vere store nok til å sikre miljøet, ikkje berre enkeltpunkt.

Systad - potensiell naturfare skal innarbeidast som omsynssone i kart. Vurdering i KU særskilt skredfare. Hauge. Utrasering av blokker, vanskeleg å føresjå. Hauge - på kva nivå i kommuneplan? Systad - legge inn aktsomheitskartet som omsynssone. Kan gjere nærare vurdering om ein vil det, men i utgangspunktet er det på dette nivå i KPL og meir detaljerte undersøkingar i seinare reguleringsplanarbeid.

Systad – når det gjeld havnivåstigning kan ein setje føringar i kommuneplan om at areal som ligg lavare enn ei gitt kotehøgde, for dei skal det gjerast nærare vurderingar ved utarbeiding av reguleringsplan. Kan ofte vere mest føremålstenleg med å setje ei kotehøgde i føresegner.

Stedje – vere nøye med å skildre føremålet med endringa, og vere nøye med å skildre kva slag utbyggingsføremål ein vil fokusere på i planarbeidet, då vil det verte lettare å grunnje utsiling av dei innspela som ikkje er innanfor fokusområde for denne revisjonen. Kan vere til stor hjelp om ein får inn mange fråsegner.

Kjelstad – avslutta med ei oppsummering der eit av hovudpunkta var å vere tydeleg på kva ein ønskjer med planarbeidet.

E-post 11.05 frå Frida Halland, FM plan, på spørsmål om kommunen kan opna for å gje løyve til påbygg, eller andre små tilbygg på eigedom som ikkje er knytt til landbruksnæring i LNF-område. JF oppfølgingspunkt over.

Svaret er at ein lyt endra føremålet til *LNF-spreidd* for å opna for mindre uthus, garasje, påbygg mm. i LNF-område.

Arealformålet LNF (§ 11-7 nr. 5 a) omfattar «areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag»

Plassering av slik bebyggelse kan styrast/regulerast gjennom [føresegner etter § 11-11 nr. 1](#). (altså bygningar og anlegg til landbruks og reindrift). Føresegner om annan type utbygging i LNF, må eventuelt gjerast etter framgangsmåten i § 11-11 nr. 2 (spreidd utbygging)

- Der er ein føresetnad at fylgjande er angitt i planen:
 - o Formål
 - o Utbyggingsomfang og
 - o Lokalisering

Hordaland har eit utfyllande skriv frå 2013 om temaet og sine tilrådingar her:

<https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Plan%20og%20bygg/Plan/Brev%20fr%0c3%a5%20Fylkesmannen.pdf>